



**Stølsheimen
verneområdestyre**

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre

Møtestad: Bergen, Motorhallen

Dato: 04.03.2026

Tidspunkt: 10:00 - 13:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Marta Sofie Vange	Leiar	Vik kommune
Benedicte Kragh	Medlem	Voss herad
Asbjørn Ekse	Medlem	Modalen kommune
Alexander Fosse Andersen	Medlem	Vestland fylkeskommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Liv-Anne Aanesen	Nestleiar	Modalen kommune
Geir Helge Østerbø	Medlem	Høyanger kommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Petter Sortland	Geir Helge Østerbø	Høyanger kommune

Merknader:

Petter Sortland møtte ikkje

Andre deltakarar: Kristoffer Ullern Hansen, SNO

Andre frammøtte:

Namn	
Aron Freyr Gudmundsson	seniorrådgjevar
Jorunn Vallestad	verneområdeforvaltar / sekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Marta Sofie Vange

Benedicte Kragh

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/26	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 3/26	Orienteringar og referatsaker		
RS 1/26	Vedtak om overtredelsesgebyr - Stølsheimen landskapsvernområde - [REDACTED] - gjennomføring av stølshus - [REDACTED]	X	2024/3570
RS 2/26	Tilbakemelding - referat frå synfaring ved Solrenningane 221025		2021/16726
RS 3/26	Høring - endringer i regelverket om miljø- og kulturmiljøkriminalitet		2022/575
DS 1/26	Forlenga frist - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Hestfjellet - istandsetting av stølshus		2022/1531
ST 4/26	Stølsheimen verneområdestyre - val av nestleiar - 2026		2024/2160
ST 5/26	Stølsheimen verneområdestyre - Prioritering av tiltaksplan 2026		2026/3067
ST 6/26	Stølsheimen verneområdestyre - møteplan 2026		2026/3236

ST 1/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 04.03.2026

Handsaming i møte

Innkalling og dagsorden vart lagt fram til godkjenning.

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 2/26 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 04.03.2026

Handsaming i møte

Framlegg på Benedicte Kragh til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar

Vedtak

Benedicte Kragh skriv under møteprotokollen saman med styreleiar

ST 3/26 Orienteringar og referatsaker

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 04.03.2026

Handsaming i møte

Forvaltar orienterte verneområdestyret kort om delegerte sakene.

Styre lurte på om ferdigbehandla sak som gjeld overtredelsesgebyr framleis er unntatt offentlegheita etter vedtak. Forvaltar fant ut at opplysningar om lovbrøt som ein person har gjort seg skuldig i som privatperson, vil som utgangspunkt framleis vera underlagde teieplikt, jamfør *retteleiar til offentleglova* s.81-82.

Forvaltar orienterer om høyring med forslag til endring i regelverket for miljø- og kulturmiljøkriminalitet. Styret ber om ny orientering når dei endelege reglane er vedtekne. Forvaltar skal undersøkje om dei skjerpa reglane betyr at forvaltarane også skal kunne gi overtredelsesgebyr.

Vedtak

Forvaltarane orienterer styret når dei nye reglane i høyringa er endeleg vedtekne.

Referatsaker og delegerte saker vart tatt til orientering.

DS 1/26 Forlenga frist - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Hestfjellet - istandsetting av stølshus

ST 4/26 Stølsheimen verneområdestyre - val av nestleiar - 2026

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 04.03.2026

Handsaming i møte

Det vart gjort framlegg på Bendicte Kragh

Vedtak

Benedicte Kragh valt som ny nestleiar

ST 5/26 Stølsheimen verneområdestyre - Prioritering av tiltaksplan 2026

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 04.03.2026

Handsaming i møte

Viktig med midlar til reparasjon av stiar og vegar. Stiane inn til området er viktig og, ikkje berre dei i sjølve verneområdet.

Nofence; vi går vidare med planen om eit prøveprosjekt. Det må komme tydeleg fram at det er eit prøveprosjekt for eit konkret stølsområde.

Vi får låne ferdselsteljar av SNO for 2026. Utsette innkjøp, må vurdere behov seinare

Vedtak

Revidert tiltaksplan blir vedtatt med følgjande endringar:

- Fjerne «etter naturskadar» på punkt om reparasjon av vegar og stiar, slik at også andre stiar kan prioriterast
- Flytte kr 60 000 frå ferdselsteljar til skiltarbeid
- Legge inn bestillinga til SNO i vedtaket

Tiltaksplan for Stølsheimen 2026	04.03.2026
Kort omtale av tiltak	Rev. Budsjett
Framande tresalg	
Fossesete - fjerne smågran i nærområde	20 000
Framande artar klasespirea vetlestraumen - fjerna	5 000
Sum framande artar	25 000
Skjøtsel av kulturlandskap	
*Administrasjon, prosjektleiar	15 000
Sylvarnesdalen - slått og Hansinaselbøen	19 000
Rosete - Slå renningar, sølvbunke, tistlar	5 000
Smørklepp - Slå renningar	4 000
Åsedalen - Ettersyn	4 000
Dunevollen - Klyppa vier, småtre og sprake	3 000
Vatnane - Ettersyn	2 000
Vøvringen - Køyppa vier, småtre og sprake	6 000
Hanekamdalen - Ettersyn	2 000

Hest - Slå renningar	4 000
Negardstølen - Slå renningar og tistlar	4 000
Ytstestølen - Ettersyn	4 000
Bjørkestølen - Slå renningar	6 000
Botnadalen - Slå renningar	2 000
Vindhalsen - Rydde sprake	10 000
Fidnaselbøen - Slå renningar	3 000
Finnabotn - Granden/Ytreflåten - rydde ferdig skog	6 000
Finnabotn - Randsoner slåttemark - Slå renningar	5 000
Nofence beite med dyr	100 000
Ekstra tiltak etter synfaring/tilsyn	11 000
Sum skjøtsel av kulturlandskap	215 000
Stølsvegar og stiar	
Reparasjon og vedlikehald av vegar og stiar	80 000
Sum skjøtsel stølsvegar og stiar	80 000
Informasjonstiltak	
Vik kommune: Parkeringsplass Tenne. Delfinansiering	50 000
Innfallsport frå Romarheim kryss	135 000
Innfallsport Stordalen fjellstove	135 000
Planlegging startpunkt Vikafjellet - skilt, tiltak, villrein	135 000
Ferdselsteljar og abonnement	0
Sum informasjonstiltak	455 000
TOTAL SUM	775 000

Innspel til SNO om oppdrag 2026, i prioritert rekkefølge
Kontroll dispensasjonssaker
Kontroll motorferdsel vinter – Vikafjellet
Kontroll, byte av verneskilt
Delta på møte med verneområdestyre og RU
Registrere endringar på bygg i Sendedalen og Grøndalen
Tilsyn skjøtselsarbeid i kulturlandskapet, delta i skjøtsel

ST 6/26 Stølsheimen verneområdestyre - møteplan 2026

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 04.03.2026

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling, med følgjande endringar:

- Digitalt styremøte i april vert etter kl. 14:00
- Synfaring til Finden 28.-29. mai kolliderer med Verdsarvrådsmøte og vert difor flytta til 4. og 5. mai.

Vedtak

Forvaltar foreslår fylgjande møteplan 2026

- 04. mars: Styremøte med revidering av tiltaksplan for 2026. Møtestad Bergen
- 07. april: Styremøte digitalt på Teams, kl. 14:00
- 04.- 05. mai: Styremøte med synfaring til Finden og Finnabotnen. Overnatting på Finden.
- 07. september: Styremøte med dialogmøte med rådgjevande utval (RU)
- 01. desember: Styremøte og planleggingsmøte med SNO for 2027